

Årsmelding og rekneskap 2001



**LUSTER
ENERGIVERK AS**

www.lusterenergiverk.no

Generalforsamling

Generalforsamling for
Luster Energiverk A/S vert halden på Lustrafjorden Kro i Høyheimsvik måndag den
29.04.02 kl.16.00.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar, referent og to medlemar til å skrive under møteprotokoll.
3. Årsmelding for 2001.
4. Rekneskap, herunder disponering av overskot.
5. Godkjenning av honorar til revisor.
6. Val av styre i samsvar med vedtektene.
7. Val av valnemnd.
8. Orienteringssaker.

Sakstfang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksjeeigarane som ber om det, og vert elles utlagt på daglegvarebutikkane i kommunen og laget sitt kontor frå 22.04.02.

STYRET

Framsdebilde: Maskinsal Sage Kraftverk. Foto: Steinar Listou.

Baksdebilde: Inntaksdam Kolstadmarki. Foto: Steinar Listou.

Trykk/layout: Ingv. Husabø Prenteverk as. • tel. 57 65 60 05

Årsmelding frå styret

STYRET

Styret hadde fylgjande samansetning i 2001: Stein Næss (styreleiar), Per Hauge (nestleiar), Herman Bremer, Jens K Nes, Kristen Ormberg, Kjell Melheim.

Varamenn i rekkjefylgje har vore: Steinar Molland, Jarle Sperle, Magnar Høyum og Hallgeir Hatlevoll.

Kjell Melheim og Hallgeir Hatlevoll er valde av og mellom dei tilsette.

STYRESAKER

Det har vore halde 10 styremøte og 39 saker har vore handsama.

HELSE , MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

- Selskapet har vore tilslutta Luster Felles Bedriftshelseteneste.
- Sjukefråvær i 2001 var på 2,83 %. Dette er ein reduksjon på 0,17 % frå året før.
- Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidstakersida og arbeidsgjeversida.
- Det har vore halde kurs i driftsforskrifter for driftspersonalet og for tilsette i installasjonsavdelinga.
- Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs, datakurs, m.m.
- Det er utarbeidd Beredskapsplan for ulukker og unormale situasjonar i krig og fred.
- Det er eigen beredskapsplan for Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
- Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

ØKONOMI

Driftsresultatet for 2001 er på kr.3.837.005,- som er ein reduksjon på kr. 324.804,- i høve til året før. Auken i finansinntekter og ekstraordinære inntekter i høve oppgjeret for Sage kraftverk gjer at årsresultatet er kr 2.894.172 høgare enn i 2000. Alle forretningsområda gav positivt driftsresultat også i 2001. Størst tilskot gav drifta av distribusjonsnettlet med kr 2.514.000,-, som er kr 189.000 større enn i 2000. Vidare gav kraftomsetning kr 722.000,- (+ kr 446.000), kraftproduksjon kr 119.000,- (- 847.000), installasjon kr 148.000,- (- 25. 000) og arbeid for andre kr 334.000,- (-88 000).

Økonomien i verksemda er god med ein eigenkapitalprosent på 76,2, som er noko lægre enn året før. Likviditeten har betra seg i 2001, men er dårlegare enn på slutten av nittitalet. Grunnen til dette er deltaking med aksjekapital i Sage Kraftverk AS, lån til Sognekraft og kjøp av egne aksjar.

Det etterfylgjande oppsett syner rekneskapen for distribusjonsnettlet.

REKNESKAP NETT 01

Salsinntekter:	16.801
Attendeført mindreavk.:	(760)
Attendeført renter:	(40)
Andre driftsinntekter:	5
Mindreavkastning:	735
Sum driftsinntekter:	16.741

Nett-tap:	1.045
Overføring:	2.538
Lønnskostnader:	3.935
Andre driftskostn.:	4.194
Avskrivningar:	2.515
Sum driftskostnader:	14.227


Driftsresultat:	2.514
------------------------	--------------

NVE har for 2001 fastsett tariffinntekt til kr. 14.203.000,- I tillegg kjem kostnaden til overordna nett, ENØK og attendeført mindreinntekt.

DRIFTSMIDLAR NETT

Eigne driftsmidlar:	33.524
Andel av felles driftsmidlar:	516
Sum:	34.040

Oversikt over driftsresultat 2001



SALDO MEIR-/MINDREINNTEKT:

1993 Mindreavkastning	- 291
1994 Meiravkastning:	1.429
1995 Mindreavkastning	- 84
Saldo 31.12.95:	1.054
1996 Mindreavkastning:	- 68
Attendeført 1996	- 380
Saldo 31.12.96	606
Mindreinntekt 1997	- 481
Attendeført meirinntekt	- 674
Saldo 31.12.97	- 549
Attendeført mindreinntekt	52
Mindreinntekt 1998	- 280
Korrigert for renter	17
Saldo 31.12.98	- 760
Attendeført i 1999	481
Mindreinntekt 1999	-760
Saldo 31.12.99	- 1039
Attendeført 2000	280
Mindreinntekt	- 345
Saldo 31.12.00	- 1104
Attendeført i 2001	760
Mindreinntekt i 2001	- 735
Saldo 31.12.2001	1080

Attendeført i tariffar for 2002

Mindreinntekt:	345
Renter 2001	59
Totalt attendeført:	404

EFFEKTIVITET I DISTRIBUSJONSNETTET

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemnd. For å sjå til at krafttransporten vert gjort så effektiv (billeg) som mogeleg, er NVE sett til å føreta denne monopolkontrollen.

NVE har vidareført vårt effektiviseringskrav (3,5%) også for neste reguleringsperiode. Dette kravet kan på sikt bli vanskeleg å oppfylle utan at det går utover servicegrad og leveringstryggleik.

Når det gjeld nettleige, må det nemnast at denne er mykje avhengig av busetnadsmønster og topografi. Til tross for spreidd busetnad og svært lange linjer i vanskeleg terreng er vi mellom dei rimelegaste nettselskapa i fylket.

I 2001 vart forskrifta om "Kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi (KILE)" gjort gjeldande. Målet til NVE er at den skal bidra til at kraft vert overført til rett pris og leveringskvalitet. Dessutan at nettet vert utnytta og utbygd på ein sikker og rasjonell måte.

Alle everka har fått tildelt ein sum "ramme" på grunnlag av feil i nettet dei siste 3 åra. For vår del er denne summen kr 482 000,-. Kompensasjonen for kvar ikkje-levert kWh er fastsett av NVE.

Tildelt ramme for 2001	kr 482 000
Kompensasjon 2001	kr 195 000
Overført til 2002	kr 287 000

KONKURRANSE FRÅ ANDRE LEVERANDØRAR

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk og Luster kommune, som leverandør av konsesjonskraft, er opptekne av å tilby kundane kraft til rett pris. Difor valde vi å tilby fleire alternativ på kraftpris. Det førte til at over 95% valde fast pris over året.

SAMARBEID

Samarbeidet mellom energiverka er vorten ein naturleg del. I takt med effektivitetskrava som vert stilt til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for kostnadsreduksjonar. Samarbeidet mellom energiverka i Sogn (SEIS) har vorte utvida ved å gå saman med Kjøpekraft Vest (KV). KV er ein innkjøpsorganisasjon som omfattar nesten alle energiverka frå Lyse til Romsdalsfjorden. Det er alt etablert avtalar på kabelkjøp m.m.

SAGE KRAFTVERK

Sage Kraftverk AS vart skipa den 14.aug. 2000. Luster kommune og Luster Energiverk har 50% kvar av aksjekapitalen. Sage Kraftverk vart sett i prøvedrift den 2.november 2001. Kraftverket vart formelt overlevert den 2.desember (fem dagar før framdriftsplanen).

PLANAR

Det står framleis att ein del ombygging av nettstasjonar i Luster på grunn av nye-linja til Sage. På grunn av stadig større krav til leveringssikkerheit må det reinvesteras i nytt fjernstyringsystem. Det nye systemet må håndtere både nettsystemet og produksjonssystemet.

Det må utarbeidast nye planar for 22 kV linja mellom Skjolden og Luster. Vi har store utfordringar i trasevalet for linjebygginga.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Luster Energiverk har i alle år satsa på god og framtidretta fornying av linjenettet. Dette har gjeve resultat i form av færre og kortare avbrot. Som det kjem fram av KILE rekneskapan, så har det vore svært lite straumbrot i 2001.

Som kraftleverandør får vi stadig nye krav, både med omsyn til pris og valmoglegheiter. For å møte desse krava har vi von om at samarbeidet med AEP vil føre til eit fleksibelt system for kundane våre.

Luster Energiverk AS vil samarbeide med Luster kommune om utnytting av konsesjonskrafta til beste for kundane/innbyggjarane.

LE med sine linjenett vil samarbeide med dei lokale aktørane for at flest mogleg skal få tilgang til nye produkt på breibandsida.

Vi vil framleis arbeide for ein god økonomi i selskapet som gjev rett pris til kundane og avkasting til eigarane.

For at vi skal vere ein del av lokalsamfunnet i framtida vil vi framleis arbeide for:


- Effektivisering av eigen organisasjon.
- Nytte nye teknologiske løysingar for meir effektiv drift.
- Vurdere alle former for samarbeid som fører til at vi vert meir konkurransedyktige.
- Ha ein organisasjonsstruktur og arbeidstilhøve som gjer at vi kan halde på dei tilsette.

DISPONERING AV OVERSKOT:


Styret gjer framlegg om at overskotet for 2001 på kr. 7.289.881,- vert disponert slik:


Utbytte kr. 450,- pr aksje	kr. 3.521.700,-
Tilføring disposisjonsfond	kr. 3.768.181,-
	kr. 7.289.881,-


Styret for Luster Energiverk AS, 21. mars 2002



Stein Næss
(styreleiar)



Herman Bretter


Per Hänge


Jens K. Næs


Kåre Omberg


Kjell Melheim


Svein Halveg
(everksjef)



Arbeid med fiberutbygging. Foto: Hans Arvid Skagen.

ÅRET 2001

2001 har vore eit svært aktivt år. Sjølv om utbygginga av Sage kraftverk var ei totalentreprise frå Veidekke ASA, så vart det likevel mange arbeidsoppgåver som fall på byggherren. Ny linje til Gaupne måtte vere ferdig då kraftstasjonen vart sett i drift. Byggjestråum og provisoriske kablar skulle både etablerast og fjernast. Luster Energiverk skal ha det driftsmessige ansvaret for den nye kraftstasjonen. Det medførte at vi måtte delta aktivt både ved testing og prøvekjøring av stasjonen. Konklusjonen må vere at det vart meir arbeid enn forutsett, men eit svært interessant og lærerikt arbeid.

Med utbygginga av breiband har Luster Energiverk medvirka til at næringlivet og innbyggjarane i Luster kommune har komme i framkant av teknologiutviklinga. Næringslivet har fått tilrettelagt både teknologi og høve til å utvikle bedriftene i takt med dagens krav. For å utvikle og tilrettelegge tenestetilbodet til kundane har vi inngått eit samarbeid med Datapart AS. Kraftprisen har vore låg dei siste tre åra, men auka vesentleg i 2001. Gjennomsnittleg spotpris auka frå 10,33 øre/kWh i 2000 til 18,65 øre/kWh i 2001. Prisauken i kraftmarknaden førde til at fleirtalet av kundane våre hadde eit gunstig år gjennom fastprisalternativet. For å sikre oss i kraftmarknaden, har vi inngått samarbeid med American Electric Power.

Eigarstrukturen i Sognekraft har vore uendra i 2001. Luster Energiverk AS er no tredje største eigar etter BKK og Vik kommune.

ORGANISERING OG DRIFT AV SELSKAPET I 2001

1. ORGANISASJON, ADMINISTRASJON, PERSONALE.

1.1 SELSKAPSFORM

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915. I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslø Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag. Aksjekapitalen er på kr. 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjer pålydande kr. 2.500,-.

1.2 MEDLEMSKAP I ANDRE ORGANISASJONAR

Luster Energiverk AS er medlem av:

- LVK / IDE.
- Norges Elektroentreprenørforbund.
- Sogn og Fjordane Elektroentreprenørforbund.
- Sogn og Fjordane Energilag.
- Kommunenes Sentralforbund.
- Luster Felles Bedriftshelseteneste.

1.3 REVISJON

Revisjonen er utført av revisjonsselskapet Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

1.4 ADMINISTRASJON

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av ANS Luster Kraftlag.

1.5 PERSONALE

Pr. 31/12-01 hadde selskapet 22 heiltidstilsette, 2 var tilsett i 60 % stilling og 1 i 70%. I tillegg hadde selskapet 4 lærlingar på kontrakt. 1 tilsett hadde permisjon.

2. EIGEDOMAR OG VEDLIKEHALD AV DESSE

2.1 KRAFTVERK

2.1.1 SAGE KRAFTVERK

Bygd 1939. Generator 1800 kVA. Stasjonstransformator 1800 kVA, 3,15/22 kV. Ny utbygging vart oppstarta i 2000, Sage Kraftverk AS. Sage Kraftverk vart sett ut av drift den 11. juni 2001.

2.1.2 VEDLIKEHALD SAGE

Det har vore utført vanleg rutinemessig vedlikehald.

2.1.3 DØSEN KRAFTVERK

Bygd 1915, ikkje i drift. Kraftverket kan nyttast i samband med omvisning o.l.

2.2 TRANSFORMATORSTASJONAR

Døsen bygd 1939, modernisert 1986. Transformator 1450 kVA, spenning 21/5 kV. 2 utgåande 22 kV linjer. 1 utgåande 5 kV linje.

2.3 FORDELINGSNETT

2.3.1 HØGSPENT FORDELINGSNETT

22 kV: Linjer 209,85 km, jordkablar: 29,405 km.
5 kV: Linjer 1,2 km, jordkablar: 0,5 km.

2.3.2 VEDLIKEHALD OG NYANLEGG

HØGSPENTLINJER:

Det er bygd ny 22 kV linje frå Nes til Krossen. Lengde 0,436 km.

NYE NETTSTASJONAR OG HØGSPENT JORDKABELANLEGG

Ny nettstasjon 50 kVA Råaberget og 2.850 m med 22 kV høgspenkabel frå Hotla via Råaberget til Krossen på Nes.

Ny nettstasjon 315 kVA og 255 m med 22 kV høgspenkabel til Kalhagen.

2.3.3 1000 V. ANLEGG

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

2.3.4 LÅGSPENTNETT

264,13 km linjer og 76,78 km jordkabler.

2.3.5 FORDELINGSTRANFORMATORAR

231 stk. trafoar 21/0,24 kV.

224 stk. trafo 21/0,415 kV.

2 « « 5/0,23 kV.

4 « « 1/0,23 kV.

Dette er ein auke på 1 stk. 21/0,24.

Samla traføyting er 36.375 kVA.

2.4 FJERNSTYRING, SAMBANDSUTSTYR

2.4.1 FJERNSTYRINGSANLEGG

1 stk. Nortroll sentral ved kontoret i Gaupne.

1 stk. repeater med solcellelading på Molden.

4 stk. fjernstyrte effektbrytarar.

11 stk. fjernstyrte linjebrytarar.

2 stk. effektbrytarar på Ormbergstøl er fjernstyrte frå driftssentralen til Statkraft, Gaupne.

2.4.2 SAMBANDSUTSTYR

4 stk NMT 450 mobiltelefonar

11 stk GSM mobiltelefonar

11 « VHF radiostasjonar, 1 av desse er stasjonær, 6 er montert i bilar og 4 er berbare.

2.5 ANDRE EIGEDOMAR

2.5.1 LAGER OG ADMINISTRASJONSBYGG

Administrasjon og hovudlager er i leigd bygg i Gaupne. På Heggmyrane er det lagerbygg for drifta.

På Røneidsgrandane er det plashall på 180 m² for grovlager.

2.6 TRANSPORTUTSTYR

Energiverket har fylgjande transportmiddel:

1 stk. kombinert lastebil u/ 7,5 tonn m/ kran, 1992 mod.

1 stk lastebil 13 tonn m/kran 1998 mod.

1 stk. pick-up 1989 modell

3 stk. kombibilar, 1991, 1994 og 1997 mod.

2 stk. snøscooter, 1986 og 1996 mod.

3. PRODUKSJON OG DRIFT

3.1 HYDROLOGI/PRODUKSJON

Magasina ved Sage Kraftverk var ved inngangen av året 5,63 mill. M3 eller 80,4%.

Produksjonen for året vart 5,315 GWh.

3.2 DRIFT AV SAGE KRAFTVERK

Det har ikkje vore nemnande driftsforstyring eller driftsavbrot i løpet av året. Sage Kraftverk vart sett ut av drift den 11. juni 2001.

3.3 DRIFT AV FORDELINGSNETTET

Det har vore 7 driftsforstyringar med utkobling i deler av høgspennetnettet som har vart i meir enn 2 timar.

I samband med arbeid har det vore 23 utkoblingar i deler av nettet med varigheit over 20 min. Av desse var 16 utkoblingar i samband med strekking av fiberkabel på høgspennetlinjene våre.

4. KJØP OG SAL AV KRAFT

4.1 MAKS EFFEKTUTTAK

Maks effektuttak var 14,4 MW den 5.febr. 2001.

4.2 KJØP OG PRODUKSJON AV KRAFT

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2001 vart 76.128 MWh mot 70.684 MWh i 2000.

5.315 MWh var eigenproduksjon, 70.813 MWh kjøpte vi av Luster kommune.

4.3 SAL AV KRAFT 2001

Tariff	Antall Kundar	Kraftsal v/LEAS kWh	Kraftsal v/ andre kWh	Nettleige kWh	Nto oms. Eks.avg. Kr.
Sal	3390	708945547	771184	71656488	27295936
Engros		157370		157370	29102
Overfø.					49822
Sum sal		71051917			
Sum tap		5076432			
Sum tot	3390	76128349	771184	71813858	27374860

Kostnad tap: 5.076.432 kWhx0,206kr/kWh = kr.1.045.745

4.4 OVERFØRING

For Statkraft overførde vi 378 MWh på vår 22 kV linje mellom Leirdøla og Jostedal Kraftverk.

4.5 TARIFFAR

Kundane fekk val mellom fast eller variabel kraftpris.

Om lag 95 % valde fast kraftpris.

Forbruksavgifta (som er inkl. i kraftpris) auka frå 8,56 øre/kWh til 11,3 øre/kWh.

Meirverdiavgifta auka frå 23 til 24 %.



Montering av ny nettstasjon i Raumsberget.
Foto: Hallgeir Hatlevoll.

5.1 KUNDEFORHOLD, TILSYNSAKTIVITETAR, MÅLEAKTIVITETAR, ENØK

5.1 KUNDEFORHOLD

Pr. 31.12.01 var det tilknytt 3390 kundar. Dette er ein auke på 3 frå året før.

5.2 TILSYNSAKTIVITETAR

I 2001 har det i alt vore kontrollert 28 bustadar, næringseigendomar og gardsbruk. Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre elsikkerheita i LE sitt forsyningsområde. Andre viktige områder er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr og helseinstitusjonar.

5.3 MÅLEAKTIVITETAR

Det vart til saman montert 93 nye målarar i løpet av året. Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar.

Ved alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc ved administrasjonsbygg. Det er og denne typen målesystem som vert nytta ved alle større anlegg. Frå 2004 vert kravet endra frå i dag 400.000 til 100.000 kWh/år.

Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte og nye rutinar for utveksling av meldingar og måldata mellom leverandørane.

5.4 ENØK

Regionalt Enøk senter for Sogn og Fjordane kom i drift frå hausten 1995. Senteret er organisert gjennom Energiråd AS på Sandane. Det er Energiverka i fylket og Hydro Energi som eig selskapet. Luster Energiverk AS har 17 aksjar i selskapet. Dette utgjer 3,4 % av aksjekapitalen. Ved årsskifte var det 5 tilsette ved senteret. Frå våren 1997 har Energiråd leigd lokale hjå Sognekraft i Sogndal og kontoret har delvis vore

bemanna i 2001. Tenestene dei har utført for oss i 2001 er generell enøk informasjon til kundane. Enøk tenestene vert finansiert gjennom nettleiga med eit påslag på 0,25 øre /kWh. Totalt har Enøk arbeidet i Luster kosta omlag kr. 180.000 i 2001.

6. INSTALLASJONSAVDELINGA OG BUTIKKDRIFTA

6.1 INSTALLASJONSAVDELINGA

Installasjonsavdelinga hadde ved årsskiftet 5 tilsette i 100% og 1 i 70% stilling, og 2 lærlingar. I tillegg vart eit årsverk frå kontoradministrasjonen nytta ved installasjonsavdelinga. Det har vore god tilgang på arbeid. Av større oppdrag kan nemnast: Ombygging/tilbygg ved NTP. Installasjon av nye bustadhus for Nes Bygg. Diverse oppdrag for Hydro Energi Sogn og Luster kommune. Vi har også hatt den elektriske installasjonen ved Marifjøra kraftverk. Vi har levert og montert brannvarslingsanlegg for landbruk og har aukande etterspørsel etter el.kontroll for bustad, industri og landbruk.

Våre tilsette har delteke på diverse kurs i tele, data, energi-styring og moderne installasjonsteknikk.

6.2 BUTIKKDRIFTA

Datapart overtok lokala til butikken i juni og utsalet vårt vart flytta til mellombygget. Lagerplassen er noko redusert. Vi har utstilling av lys- og varmeprodukt. Flyttinga vart utført av dei tilsette.

6.3 OMSETNING OG RESULTAT

Omsetninga ved installasjonsavd. og butikkdrift vart kr. 5.063.520,- (i 2000 kr. 5.487.324,-) Resultatet etter at installasjonsavd. og butikk er belasta med husleige og fellesadministrasjon viser eit overskot på kr. 148.000,- (i 2000 kr. 173.000,-).






Installasjon av Marifjøra Minikraftverk. Foto Hans Arvid Skagen.

Resultatrekneskap 2001





DRIFTSINNEKTER	NOTE	2001	2000
Brutto energisal eks mva		34.796.487	30.081.934
El. avgift til staten		- 7.421.627	-5.430.337
Sal andre varer og tenester		6.573.217	7.370.078
Andre driftsinntekter		125.170	306.294
Attendeført mindreavkastning		-800.000	-312.940
Meir/Mindreavkastning		735.000	345.000
Sum driftsinntekter		34.008.247	32.360.028
DRIFTSKOSTNADER			
Kjøp av straum		11.555.563	8.860.826
Varekost andre selde varer og tenester		2.532.610	3.006.712
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	8.888.191	9.351.232
Andre driftskostnader	9	4.237.659	4.160.466
Ordinære avskrivningar	1	2.957.570	2.813.721
Tap på krav/auka avsetjing for tap		- 351	5.263
Sum driftskostnader		30.171.242	28.198.219
DRIFTSRESULTAT		3.837.005	4.161.809
FINANSINNEKTER OG KOSTNADER			
Renteinntekter		1.793.861	1.454.058
Aksjeutbytte frå andre		968.354	968.354
Rentekostnader		- 57.005	- 73.103
Netto finanskostnader		2.705.210	2.349.309
Resultat før ekstra ord. postar		6.542.215	6.511.118
EKSTRAORDINÆRE POSTAR			
Vinning avgang anleggsmidler		2.089.080	0
Ekstraordinære inntekter		1.082.814	0
Sum ekstraordinære postar		3.171.894	0
Resultat før skatt		9.714.109	6.511.118
Skattekostnad	11	2.424.228	2.115.409
ÅRSRESULTAT		7.289.881	4.395.709
Disponering av årsoverskot.			
Avsett til utbytte		3.521.700	2.347.800
Avsett til annan egenkapital		3.768.181	2.047.909
Sum disponert		7.289.881	4.395.709

Balanse pr. 31.12.2001

EIGEDELER	Note	2001	2000
Anleggsmidler			
Kraftstasj.damanl, linjer/tekn.utstyr	1	32.314.089	33.257.389
Inventar, utstyr og transportm.	1	1.769.818	1.968.218
Kartrettar og andre rettar	1	109.000	119.000
Aksjar	6	856.350	156.350
Aksjar i dotterselskap	6	11.005.500	11.005.500
Andel ANS Luster Kraftlag	7	2.767.064	2.600.052
Langsiktige fordringar	8	8.864.973	8.734.270
Sum anleggsmidler		57.686.794	57.840.779
Omløpsmidlar			
Varelager	5	1.371.000	1.416.000
Kundekrav	5	17.086.820	9.221.254
Andre kortsiktige krav		174.568	335.674
Bankinnskot, kontantar o.l	12	7.942.373	4.997.551
Sum omløpsmidlar		26.574.761	15.970.479
SUM EIGEDELER		84.261.555	73.811.258
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Eigenkapital			
Aksjekapital 8.663 aksjar a kr.2500,-	4,13	21.657.500	21.657.500
Behaldning egne aksjar	4	-2.092.500	-2.092.500
Overkursfond	3	2.979.988	2.979.988
Annan eigenkapital	3	41.674.523	37.906.342
Netto eigenkapital		64.219.511	60.451.330
Langsiktig lånegjeld		246.301	328.407
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4.945.176	3.748.346
Betalbar skatt	11	2.423.949	2.037.171
Skuldig offentlege avgifter		4.656.126	3.061.069
Avsett til utbytte	8	3.521.700	2.347.800
Anna kortsiktig gjeld	8	4.248.792	1.837.135
Sum kortsiktig gjeld		19.795.743	13.031.521
Sum gjeld		20.042.044	13.359.928
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		84.261.555	73.811.258

Stein Næss, styreleiar Per Hauge nestleiar Svein Halveg, everksjef

Kjell Melheim

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Jens K. Nes

Notar til rekneskaperen

1. Avskrivningsplan anleggsmidler (beløp i 1.000 kr.)

	Transport midlar	Kontor utstyr	EDB utstyr	Telefon	Drifts utstyr	Lagerbygg tomtar	Målar	Kraftstasj. Damanlegg Linjer og tekn. utstyr
Kostpris 01.01.01	1723	1377	2252	113	591	220	1003	28893
Tilgang i året		14	246		62		173	1309
Oppskrivning								23771
Samla ord avsk. 31/12	1420	1144	2173	113	575	1	302	21878
Bokført verdi 31/12	303	247	325	0	124	219	879	32095
Årets ord.avskrivningar	126	24	443	10	28	0	79	2247
% satsar ord.avskr.	20%	20%	20%	20%	20%		5%	2,5 - 20%

2. TILSETTE, GODTGJERDSLEMM

Lønnskostnader inneheld følgjande postar:

	2001	2000
Lønningar	6.668.196	7.341.904
Refusjon av sjukeløn etc.	-232.462	- 92.865
Folketrygdavgift	768.354	846.207
Pensjonskostnader	1.028.079	587.421
Andre lønnskostnader	656.652	668.564
Sum Lønnskostnader	8.888.191	9.351.231

Gjennomsnittleg antal årsverk 29 29

Godtgjerdslø

	Everksjef	Styret
Lønn	390.287	87.370
Kollektiv pensjonspremie	59.174	
Anna godtgjersle	52.339	

Årets netto pensjonskostnad

	2001	2000
Utbetalt pensjon	59.588	11.093
Årets pensjonspremie	1.028.079	587.421
Netto pensjonskostnad	1.087.667	598.514

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

	2001	2000
Pensjonspremiefondet er balanseført med	44.808	30.120

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2001 utgjer kr. 58.500,- . I tillegg for andre tenester kr 49.900,-.

3 EIGENKAPITAL

	Aksjekapital	Egne aksjar	Overkursf..	Anna eigenk.	Sum
Eigenkapital 01.01.01	21.657.500	- 2.092.500	2.979.988	37.906.342	60.451.330
Årsoverskot 2001				7.289.881	7.289.881
Forslag til utbytte				- 3.521.700	- 3.521.700
Eigenkapital 31.12.01	21.657.500	- 2.092.500	2.979.988	41.674.523	64.219.511

4. AKSJONÆRTILHØVE

Aksjekapitalen til selskapet er på kr. 21.657.500,-. Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4 %
Luster Sparebank	5,0 %
Luster almenning	2,3 %
Gjensidige	2,1 %

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpa inntil 10 % av aksjekapitalen. Det er kjøpt 837 aksjar for kr 8.610.036,-, og ingen aksjar er avhenda.

5. VURDERINGSPRINSIPP OMLØPSMIDLAR

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi. Beholdning salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

6. AKSJAR

Antall aksjar	Selskap	Påly- ande	Bokført verdi
610	AS Sognekraft	20.000	122.000,-
100	Fjellv. Årdal - Luster	100	0,-
17	Energiråd	1.000	17.000,-
1	NEFO	1.000	1.350,-
100 B	Sogn Skisenter	100	10.000,-
1	REN AS	1.000	1.000,-
10	Sogn Golf	500	5000,-
80	Datapart AS	10.000	400.000,-
300000	Luster Invest AS	1	300.000,-
Sum			856.350,-

6. Aksjar i dotterselskap

Antall aksjar	Selskap	Påly- ande	Bokført verdi
11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11.005.500,-

Sage Kraftverk AS

vart overlevert frå veidekke, ASA den 2. desember totalproduksjon i 2001 var 2,980 GWh. Eigenkapitalen i selskapet er 22.000.000,-.

7. ANDEL ANS LUSTER KRAFTLAG

L.E. A/S har 88.392 %andel i ANS Luster Kraftlag

Resultatrekneskap 31.12.01

	2001	2000
Andel leigeinntekter	856.283	842.342
Andel driftskostnader	-113.502	-115.305
Individuell avskrivning	-372.130	-372.130
Andel driftsresultat	370.651	354.907
Andel renteinntekter	14.093	9.185
Andel rentekostnader	-217.731	-226.459
Andel over/underskot	167.012	137.633
	167.012	137.633
BALANSE PR.31.12.01		
Andel omløpsmidlar	268.564	294.142
Andel bygg	1) 4.746.651	5.118.781
Andel uteanlegg	1) 189.551	189.551
Andel eigendelar	5.204.765	5.602.475
Andel gjeld	2.437.702	3.002.423
Andel ANS Luster Kraftl.	2.767.064	2.600.052

Notar til ANS Luster Kraftlag

BYGG	2001	2000
Anskaffelseskost 01.01	9.302.514	9.302.514
Anskaffelseskost 31.12	9.302.514	9.302.514
Samla av og nedskr. 31.12	4.555.864	4.183.734
Bokført verdi 31.12	4.746.651	5.118.781
Årets ordinære avskrivning	372.130	372.130
% sats ord.avskrivningar	4%	4%

UTEANLEGG

Anskaffelseskost 01.01	189.551	189.551
Anskaffelseskost 31.12	189.551	189.551
Samla av og nedskr. 31.12	0	0
Bokført verdi 31.12	189.551	189.551
Årets ordinære avskrivning	0	0
% sats ord.avskrivningar	0%	0%

8. Spesifikasjon av andre fordringar og gjeld

Med atterhald om godkjenning av general-forsamlinga er det avsett ordinært utbytte for 2001 med kr.450,- pr aksje tilsaman kr.3.521.700,-.

Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	kr. 1.325.218,-
Skuldig forbruksavgift	kr. 2.403.805,-
Anna kortsiktig gjeld	kr. 3.370,-
Forskotbetalte renter	kr. 516.400,-

Spesifikasjon av langsiktige fordringar.

Lån Sognekraft	kr. 6.450.000,-
Pengemarknadsfond	kr. 2.344.786,-
Eigenkapitaltilskot KLP	kr. 66.707,-
Andre langsiktige fordringar	kr. 3.480,-

9. Laejer og Administrasjonsbygge

Luster Energiverk A/S leiger lokale hjå ANS Luster Kraftlag. Leigeavtalen gjeld i 15 år rekna frå aug. 1989. Leiga i 2001 var kr 756.338,-.

10. Aktiverte eiene investeringsarbeid

I denne posten er eige aktivert investeringsarbeid fråtrekt med kr. 1.732.605,-

11. Skattekostnad

Resultat før skattekostnad	9.714.109
Permanente forskjellar:	
ANS Luster Kraftlag	348.611
Utbytte- Gåver	-968.354
Endring i midlertidige forskjellar:	
Driftsmidlar	-423.894
Pensjonspremiefond	-13.513
Årets skattegrunnlag	8.656.959
Berekna betalbar skatt overskot	2.423.949
Naturressursskatt	-
Skatt på grunnrente	-
Sum skatt	2.423.949

Midlertidige forskjellar knytta til:
31.12.01 31.12.00

Negative forskjellar:		
Driftsmiddel	4.251.886	4.451.800
	4.251.886	4.451.800

Positive forskjellar:		
Pensjonspremiefond	43.633	30.120
	43.633	30.120
Grunnlag utsett skatt	-4.208.253	-4.421.680

Utsett skattefordel -1.178.311 -1.238.070

I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i samme periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.

Skattekostnad i resultatrekneskapet består av

Forskjell ilikna og avsett skatt	279	- 78.238
Endring utsett skatt	-	-
Naturressursskatt	-	-
Skatt på grunnrente	-	-
Bereknar betalbar skatt	2.423.949	2.037.171
Skattekostnad	2.424.228	2.115.409

12. Sperra midlar

Av innestående midlar i kasse, bank, postgiro er kr. 330.000,- sperra til betaling av skattetrekk.

13. Inngangsverdi/Risk-beløp

Inngangsverdien 1/1-1992	kr.1.130,00	pr aksje
Risk-beløp 1/1-1993	kr. 0,43	« «
Risk-beløp 1/1-1994	kr. -11,06	« «
Risk-beløp 1/1-1995	kr. 20,89	« «
Risk-beløp 1/1-1996	kr. 66,19	« «
Risk-beløp 1/1-1997	kr. 61,78	« «
Risk-beløp 1/1-1998	kr. 382,50	« «
Risk-beløp 1/1-1999	kr. 1.412,27	« «
Risk-beløp 1/1-2000	kr. 285,89	« «
Risk-beløp 1/1-2001	kr. 445,45	« «



Strekking av ny jordlinje m/ fiber i Fortun. Foto: Hans Arvid Skagen.

KONTANTSTRAMANALYSE

	2001	2000
Kontantstraumar frå drift		
Ordinært res. før skattekostn.	9.714	6.511
Betalt skatt i perioden	- 2.424	-2.115
Ordinære avskrivningar	2.957	2.813
Tap/vinst sal anleggsmidlar	- 2.089	
Endring i varelager	45	163
Endring i kundar	- 7.865	- 2.262
Endring i leverandørgjeld	1.196	1.598
Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	5.728	- 702
Netto kontantstraumar frå drift	7.262	6.006

Kontantstraumar frå investeringar

Investert i aksjar	- 700	- 11.005
Investert i ANS Luster Kraftlag	- 167	-165
Investert i langsiktig fordring	- 130	- 105
Innbetaling sal driftsmidlar	2.089	
Utbet ved kjøp av varige driftsm.	-1.806	-3.033
Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteter	- 714	-14.308

Kontantstraum frå finansaktivitetar

Netto endring i langsiktig gjeld	- 82	- 82
Utbytte	- 3.521	- 2.348
Netto kontantstraum frå finansaktivitetar	- 3.603	- 2.430

Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	2.945	-10.732
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.	4.997	15.729
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12	7.942	4.997



Stopp av gamle Sage Kraftstasjon 11.06.01. Foto Steinar Listou.

VERDIREKNSKAP	2001	NØKKELTAL	2001	2000
Driftsinntekter	34.008.247	Omsetning:		
- forbruk av innkjøpte varer og tjenester	18.325.479	Driftsinntekter	34.008.247	32.360.028
=Verdiskaping i eiga verksemd br.	15.682.768	Resultat:		
- kapitalslit (ord. avskrivningar)	2.957.570	Driftsresultat	3.837.005	4.161.809
		Netto driftsmargin	11%	13%
=Verdiskaping i eiga verksemd net.	12.725.198	Resultat før ekstraord	6.542.215	6.511.118
+ Gevinst ved sal av driftsmidlar	3.171.894	Rentabilitet:		
+ Finansinntekter	2.762.215	Totalrentabilitet	8,3%	9,1%
= Verdier til fordeling i alt	18.659.307	Eigenkapitalrentabilitet	10,5%	11,0 %
Som er fordelt slik:		Investeringer:		
Tilsette:		Årets investeringer	1.805.867	3.033.817
Brutto løn og sosiale ytingar	8.888.192	Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12		
Kapitalinnskytarar:		Egenkapitalandel	76,2%	81,9%
Renter til kredittytarar	57.005	Likviditetsgrad 1	1,3	1,2
Utbytte til aksjonærar	3.521.700	Rentedekningsgrad	115,8	90,1
Stat, kommune:		Personale:		
Skattar og avgifter	2.424.228	Talet på fast tilsette	25	26
Verksemda:		Lærlingar	4	2
Halde attende for sikring og ny verdiskapning	3.762.182	Aksjar:		
Verdiar fordelt i alt	18.659.307	Talet på aksjar	8.663	8.663
		Aksjekapital	21.657.500	21.657.500
		Forteneste pr. aksje	841,50	507,41



Utdeling av gullklokke til dei med 25 års teneste for Luster Energiverk AS. Foto: Hallgeir Hatlevoll.

Deloitte & Touche
Statsautorisert Revisorer AS
Løvevegen 13
Postboks 206
N-0852 Sogndal

Telefon: 47 57 65 70
Telefax: 47 57 65 71
www.deloitte.no

**Deloitte
& Touche**

Til generalforsamlinga i

LUSTER ENERGIVERK AS

REVISJONSMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for LUSTER ENERGIVERK AS for rekneskapsåret 2001 som syner eit årsoverskot på kr 7.289.881,- for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ♦ Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- ♦ Leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 21. mars 2002

Deloitte & Touche AS



Knud Midtun
statsautorisert revisor

**Deloitte
Touche
Tohmatsu**

Sjogren, Flo & Ferde GRS har utvalgt vinnar. Knut K. Midtun, Ljongsås, 0280
Sogndal, Gasolveg 11, 4171, Torsbura

Webbområde: www.deloitte.no
Gjennomført 27.1.2002

